

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
613.1	Knut Øyjordet	08.09.20	31/20

KVOTE PÅ RYPEJAKT SESONGEN 2020/21*Saksdokument:*

1. Tidlegare saker om fastsetting av kvote på rypejakt.
2. Resultat frå rypetaksering.

Saksutgreiing og vurdering:

Det har også denne hausten vorte gjennomført taksering av lirype, dvs. i området Steinflybakkane, Dyrtnønnlie/Griningsdalen, Veolie/Veomyrene, området mellom Lemonsjøen og Tesse, samt på Bringen. Dei same personane har taksert som dei siste åra. Det er ikkje gjort noko berekning av bestanden, dvs. talet på fugl pr. km², men det er lagt vekt på å få eit bra inntrykk av produksjonen, ved registrering av talet på kull og kullstorleik. Opplysningar frå takseringane, frå treninga i treningsfeltet, observasjonar frå jaktprøva i regi av Gudbrandsdal fuglehundklubb sist helg og frå personar som ferdast mykje i fjellet, har som tidlegare år gjeve eit grunnlag for å vurdere eventuelle reguleringar av rypejakta.

Bestandane av både lirype og fjellrype har vore under middels ein del år, men i dei seinare åra har det vore ein merkbar oppgang, og spesielt i 2018 var produksjonen svært bra. I fjar vart det ein liten «nedtur» att, spesielt i produksjonen av lirype. Det var færre kull og generelt mindre kullstorleik, men som vanleg med lokale variasjonar. I år ser det noko betre ut enn i fjar, og det er registrert fine kull med bra kullstorleik, men som alltid er det lokale variasjonar. Det er elles observert brukbare fjellrypekull.

Det er mange faktorar som spelar inn for å få eit optimalt og godt produksjonsår for rypa. Juni var svært varm i år, slik at kyllingane fekk ein fin start, men juli vart kald. Smågnagarbestanden er nok på tur opp att. Det endelege svaret på produksjonen får vi først ei stund ut i jakta. Spesielt gjeld dette fjellrypa, for det er som vanleg vanskeleg før jakta å seie noko sikkert korleis årets produksjon av fjellrype er. Tilbakemeldingane så langt er i alle fall positive. Men dersom det utover i jakta viser seg at produksjonen er langt mindre enn det vi veit nå før jakta, kan det vera aktuelt å vurdere kvota på nytt.

Bruk av dagskvote vart innført for første gong for 8 år sidan, og dei to sesongane før det vart jegerane oppfordra til ”moderasjon”. Fjellstyret har tidlegare vedteke å prioritere bruk av kvote framfor andre reguleringar, og har lagt vekt på si forvaltning at flest mogleg skal få tilgang til jakt gjennom heile sesongen. Bruk av kvoter er generelt vanleg i dag og er allment akseptert i jegermiljøet, noko som spørjeundersøkinga blant dei som løyste sesongkort i 2011/12 og 2012/13 underbyggjer. Vi veit ut frå jaktrapportar at jegerane ikkje skyt mange ryper, heller ikkje i gode produksjonsår og utan kvoter. Det viser at naturopplevinga er viktigare enn hausting av vilt. Jaktrapportane og talet på selde kort viser elles at jegerane tek omsyn til rypebestandane i år med dårlig produksjon, ved å jakte mindre.

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstylene.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--

Vedtak:

Med heimel i fjellova § 23 vedtek fjellstyret for jaktsesongen 2020/21 å nytte ei kvote på 2 liryper/fjellryper pr. jeger pr. dag. Vedtak om dagskvote på 2 ryper blir gjort med bakgrunn i resultat frå takseringar, bruk av treningsfeltet og andre tilbakemeldingar. For dei som løyser korttypen ”døgnkort”, og der jakta skjer over to dagar (datoar), gjeld kvota på 2 ryper for eitt døgn. Opplegget for småviltjakta blir elles som før, jf. vedtaket i sak 10/15.

Rett utskrift.

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no